



Terje Leidulv Båtevik  
Steinstøvegen 743  
5108 HORDVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/317 - 18/20818

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
26.06.2018

## Vedkomande søknad om ferdigattest for fritidsbustad - gbnr 62/24 Tofting

Vi syner til sak 14/317 søknad om etablering av fritidsbustad og sak 14/306 søknad om etablering av avlaupsanlegg.

### Utslepp

Søknad om utslepp er knytt til sak nummer 14/306. Det vart gjeve utsleppsløyve den 02.10.2014 og løyve til etablering av avlaupsanlegg i vedtak datert 02.10.2014. Den 02.11.2017 vart det sendt inn skjema for ferdigmelding i frå føretak Lindås Rør og sanitær AS. Vi syner til at dette skjema kan kun nyttast der det er søkt om og gjeve løyve til tilkopling til kommunalt nett, og ikkje søknad om ferdigattest for private avlaupsanlegg.

**Etablering av privat avlaupsanlegg skal avsluttast med søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova, og det må nytta søknadskjema som ligg som vedlegg til dette skrivet.**

Denne må sendast inn på sak 14/306. Ansvarleg søkjar i saka er Båtevik Bygg AS, og de må stå som ansvarleg søkjar også på ferdigattest.

### Fritidsbustad

Når denne søknaden er ferdig handsama og ferdigattest ligg føre for avlaupsanlegget, kan kommune handsame søknad om ferdigattest for fritidsbustaden.

### Konklusjon

De må nytta vedlagte søknadskjema for å søke ferdigattest for avlaupsanlegget (saknr 14/306). Når ferdigattest er gjeve i den saka vil kommunen handsame søknad om ferdigattest for fritidsbustad.

Vi ber om at søknadskjema for ferdigattest vert sendt inn til kommunen innan **07.08.2018**.

Med helsing

Siril Sylta

Ingrid Bjørge Pedersen

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



avdelingsleiar

rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

5167-soknad-om-ferdigattest

**Mottakarar:**

Terje Leidulv Båtevik

Steinstøvegen 5108  
743

HORDVIK